



## MASTERSTUDIUM I MEDIUM- OG MATERIALBASERT KUNST OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2019/2020

### OBLIGATORISK SØKNADSVEDLEGG

Søknadsfrist: 1. februar 2019

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det (som «MAMBA2019-soknadsvedlegg.pdf») og last det opp i SøknadsWeb:  
<https://fsweb.no/soknadsweb/login.seam?inst=khio>

Ver vennleg og les søknadsretteiinga på side tre og fire grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

#### Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

\*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteringa du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

#### Engelskkunnskapar (sjå rettleiing på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på engelskkurs for tida, eller kan du dokumentere engelskkompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

#### Bachelorgrad (eller tilsvarande)

Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
----------------	----------	-------------------------------

#### Portefølje – oversikt

Nr.	Bilde/video/lyd/ tekst	Produk- sjonsår	Materiale/Teknikk	Tittel/Tema	Dimensjonar (høgde, breidde, djupn eller varigheit)	URL (J/N)
1.						
2.						
3.						
4.						
5.						
6.						
7.						
8.						
9.						
10.						
*Eventuell lenkje til nettside med lyd- eller videofil som er for stor til opplasting					Nr. (i samsvar med oversikta over):	
*Eventuell lenkje til nettside med lyd- eller videofil som er for stor til opplasting					Nr. (i samsvar med oversikta over):	



## Sjekkliste

Eg har lasta opp følgjande dokument i SøknadsWeb (set kryss):

Sjå rettleiinga for nærmare informasjon.

Kryss av	Dokument	Filnamn	Format	Dokumentkategori i SøknadsWeb
	Søknadsvedlegg (dette dokumentet)	MAMBA2019-soknadsvedlegg.pdf	PDF	Andre dokument
	Dokumentasjon av bachelorgrad eller tilsvarende	Vitnemål-bachelor.pdf	PDF	Vitnemål/ karakterutskrift
	Dokumentasjon av engelskkunnskapar	Engelsk.pdf	PDF	Andre dokument
	Eit representativt portrettbilde av deg sjølv	Portrett.jpg	JPEG	Andre dokument
	CV	CV.pdf	PDF	Andre dokument
	Portefølje	MAMBA2019--01.jpg osv.	JPEG/MP4/MP3	Andre dokument
	Kunstnarisk prosjekt / motivasjonsbrev	MAMBA2019--motivasjon.pdf	PDF	Andre dokument

## Historikk

Har du søkt Kunsthøgskolen i Oslo tidlegare? Gi opp år og studium:

## Kvar vart du informert om Kunsthøgskolen:

- Nettsida
- Nyheitsbrev
- Open skule
- Offentleg forelesing
- Annonse
- Studentar eller alumni
- Professorar eller gjestelærarar
- Anna

## Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.



## SØKNADSRETTLEIING

For å søke på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:  
<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

### Opptakskrav

For opptak til masterstudiet blir det kravd bestått treårig kunstutdanning (bachelorgrad 180 studiepoeng eller tilsvarende) på universitets- eller høghskolenivå eller utdanning som i samsvar med § 3-4 i *lov om universiteter og høghskoler* er godkjend som jamgod med slik utdanning. Grunnutdanninga må omfatte ei fordjuping i fag, emne eller emnegruppe på minst 80 studiepoeng innanfor fagområdet for mastergradsstudiet.

Institusjonen kan i spesielle tilfelle godkjenne andre dokumenterte kvalifikasjonar som heilt eller delvis likeverdige med utdanningsløpa som er nemnde ovanfor.

Kvalifikasjonane og kunnskapane til søkjarane, og kor eigna dei er, blir vurderte på bakgrunn av portefølje, motivasjonsbrev, fagleg tilknytning og annan relevant kompetanse. Opptak til studiet skjer etter innstilling frå ein tverrfagleg komité som består av interne medlemmer frå fagområda, ein medlem som kan vere ekstern, og ein studentobservatør.

Søknaden skal innehalde dokumentasjon av fullført utdanning, digital portefølje som inneheld visuell dokumentasjon av egne arbeid, og motivasjonsbrev.

Alle søkjarar må dokumentere gode kunnskapar i engelsk.

Opptakskomiteen kan kalle søkjarar inn til intervju. **Intervjua skal skje i veke 13, 2019.**

Viss du fullfører bachelorgraden i søknadsåret, må du sende inn, via e-post, ei karakterutskrift som viser kor langt du er komen i studieløpet ditt. I tillegg må du, via e-post, sende inn ein skanna kopi av vitnemålet når du har oppnådd graden, seinast 1. juli 2019. Dersom vi ikkje får ei slik stadfesting, vil ein eventuell studieplass gå til ein kvalifisert søkjar.

### Engelskkunnskapar

Det er ein føresetnad at søkjarar meistrar engelsk. Søkjarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå nordiske land – eller frå engelskspråklege land, treng ikkje leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.

Språkkunnskapar i engelsk kan dokumenterast med f.eks. IELTS, <http://www.ielts.org/>, eller TOEFL, <http://www.ets.org/toefl>.

Det er òg mogleg å dokumentere engelskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.

Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp på side 1.

### Motivasjonsbrev

Du må laste opp eit motivasjonsbrev på maks 2 A4-sider (800 ord). Ver vennleg og skriv om følgjande punkt:

1. Kvifor søker du til masterprogrammet i **Medium og materialbasert kunst**?
2. Gi ei kortfatta skildring av den kunstnariske praksisen din (hovudfokus, metodar, kjelder, referansar ...)
3. Beskriv kort eit av dei tidlegare kunstverka dine, og kva du oppnådde med det.
4. Kva er dine forventningar til det toårige programmet, kva ønskjer du å forandre, utvikle eller oppnå for ditt eige kunstnariskap under/ved avslutninga av masterprogrammet?



## Portefølje – retningslinjer

- Porteføljen skal innehalde dokumentasjon av sjølvstendige kunstnariske verk/utviklingsarbeid.
- PDF-porteføljar blir ikkje aksepterte.
- Dokumentasjonen kan vere visuell, skriftleg eller i anna relevant form.
- Ein kan søkje med inntil 10 verk (inkludert tekstverk, video og lyd)
- Filene skal vere i formata som er nemnde under, skal *lastast opp i SøknadsWeb* og merkjast i samsvar med den rekkjefølgja ein ønskjer at arbeida skal bli presenterte for opptakskomiteen
  - Studieprogramkoden først: Masterstudium i Medium- og materialbasert kunst = MAMBA, deretter årstalet.
  - Eksempel: *MAMBA2019--01.jpg, MAMBA2019-02.mp4, MAMBA2019-03.mp3* til f.eks. *MAMBA2019-10.jpg*.

Materiale	Format	Lengde/Størrelse
Bilde	JPEG	72 dpi (oppløysing tilpassa vising på skjerm), maks 10 MB per fil
Lyd	Mp3	Maks 5 min. samla for lyd/video, maks 10 MB per fil
Tekst	PDF	Maks 10 MB per fil
*Video	MP4, Quicktime, AVI	Maks 5 min. samla for video/lyd, maks 15 MB per fil

\*Du kan vise til større filer med video/lyd ved å oppgi ei lenkje til ei nettside (nedst på side éin i dette skjemaet).

Vidare krav til materialet:

Størrelsen på dei opplasta filene kan ikkje vere på meir enn *100 MB* til saman. Vi ser helst at vedlegga har ei oppløysing som er meint for å visast på skjerm, og ikkje har for høg oppløysing og størrelse. Det er opna for at ein kan sende inn både bilde, tekst (som PDF), video og lyd. På søknader som inneheld både video og lyd, er fem minutt maks lengde totalt for alle video-/lydfiler. For eksempel kan ein sende inn to videofiler og tre lydfile som kvar varer eitt minutt. Video/lyd som varer utover desse fem minutta, blir ikkje presentert for opptakskomiteen.

Dersom du har video eller lydfile som overskrid 15 MB, må du laste desse filene opp på nettet, f.eks. på heimesida di, på Vimeo, YouTube eller liknande. Hugs å lenkje til sida du har lasta opp arbeidet ditt på i søknaden, og set J i kolonnen URL i porteføljeoversikta. *Du er sjølv ansvarleg for at nettadressa er riktig skriven, at nettsida fungerer, og at arbeidet kan visast i ein vanleg nettlesar.*

## Dokumentopplasting

For at søknaden skal vere fullstendig, blir det kravd at du lastar opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokument* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side to og i rettleiinga på side tre.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om å gi opp frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget og dei kunstnariske arbeida, kan du setje datoen då fila sist vart endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne. Obs: Datoen må vere eldre enn dagens dato.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Obs! På grunn av potensiell ustabilitet i alle typar nettenester ber vi deg laste opp dokumenta dine så fort du har moglegheit, ikkje vent til nokre timar eller minutt før fristen går ut. Skulle SøknadsWeb vere nede på eit tidspunkt, prøv igjen om ei stund.

## Kvittering på e-post

Sjekk at du får ei kvittering til e-postadressa du gav opp, og les denne grundig. Her finn du søkjarnummeret, som skal førast på det obligatoriske søknadsvedlegget (nedlastbar PDF). Dersom du ikkje får kvittering, har søknaden truleg ikkje blitt registrert i datasystemet vårt. Prøv i så fall på nytt.

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>  
Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>